

Arkiv: <arkivID><jplD> TI-
&00, TI-&60
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.11.2021

Retningsline for barnehageopptak i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Framlegg til retningsline for opptak til barnehage i Alver kommune blir sendt ut på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.»

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 067/21 Vedtak:

«Framlegg til retningsline for opptak til barnehage i Alver kommune blir sendt ut på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 07.01.22.»

Politisk handsaming

Saka skal i denne omgang handsamast av utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Administrasjonen har utarbeidd framlegg til retningsline for opptak til barnehagar i Alver kommune. Retningslina er felles for alle barnehagane i kommunen, men dei private barnehagane har egne vedtekter som regulerer opptak til barnehageplass. Framlegg til retningsline blir sendt til alle barnehagane i kommunen, for handsaming i rådsorgana.

Retningslina skal sikre at kommunen følg barnehageloven og sikre kommunen si plikt for å legge til rette for ein samordna opptaksprosess.

Saksopplysninger:

« Utkast til retningsline for gjennomføring av opptak til barnehagane i kommunen er no slutført av administrasjonen si side, og kan sendast til høyring.

Innhald i retningslina:

Alver kommune har eitt barnehageopptak. Søknadsfristen for hovedopptaket er 1. mars. Kommunen er barnehagemynde og har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen jf. §§10 og 16 i barnehagelova.

Mynde sitt ansvar er heimla i barnehageloven. Kommunen er lokal barnehagemynde og skal likebehandle kommunale og private barnehagar. Dette skal ivareta tilliten til kommunen som barnehagemynde. Dei oppgåvene kommunen har som barnehagemynde, kan ikkje utførast av dei same personane som og ivaretek oppgåver som barnehageeigar. Desse oppgåvene skal være adskilt. I Alver kommune er rolla som

barnehagemynde lagt under kommunalsjef oppvekst og vert utført av stab oppvekst.

Barnehageloven Kapittel IV- §17 gjev føringar for korleis kommunen som barnehagemynde skal leggje til rette for ei samordna opptaksprosess: «Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal leggje til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres.»

Barnehageloven §16, om retten til plass i barnehage: «Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

Barnehageloven §18, om prioritet ved opptak: «Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn som det er fattet vedtak om etter barnevernloven §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Kommunen har ansvar et for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.»

Alver kommune har eitt hovedopptak. Søknadsfrist for hovedopptaket er 1. mars og barn som søker innan denne dato som fyller 1 år innan november i opptaksåret har rett til plass. Føresette som sender søknad innan 1. mars vil sikre retten etter barnehagelova når barnet fyller 1år. Søknader som kjem inn etter 1.mars vil verte lagd på venteliste og får tildelt plass berre dersom det er ledige plassar i barnehagane.

Vurdering:

Alver kommune følj barnehageloven i høve opptaket. Det er eitt hovedopptak med søknadsfrist 1.mars. Retten til plass vert oppfylt dersom ein søker plass innan fristen. Barn som søker barnehageplass vil verte lagd på venteliste. Barnehagane tildeler plass frå lista dersom dei har høve til det. For kommunale barnehagar er det Alver kommune som eigar som kan styre opptaksriterier i vedtektene og retningslinjer for barnehageopptaket. Det er Kommunestyret som vedtek vedtektene og retningslinjer for dei kommunale barnehagane. Private barnehagar er eigne rettssubjekt og lagar vedtekter som er vedteken i styret i den einskilde barnehagen. Alver kommune har laga rutine for barnehageopptak og rutina skal sikre at kommunen følj barnehagelova med forskrifter og sikre samordna opptak. Kommunen nyttar felles elektronisk barnehageopptakssystem for alle barnehagane. Føresette sender elektronisk søknad som kommunen hentar inn. Den einskilde barnehage innstiller til plassar og den einskilde barnehage sendar ut tilbod om barnehageplass. I opptaksprosessen legg kommunen til rette for samordna opptak.

Rutina for hovedopptak og samordna opptak er utarbeidd og vert evaluert i høve barnehageopptaket 2022.

Prosess :

Retningslina vert sendt ut til høyring til barnehagane med frist 07.01.22.

Administrasjonen vurderer innkomne moment som er kome inn- og har dialog med styrarane.

Saka vert sendt til utval og oppvekst og kultur 08.02.22.

Kommunen har utarbeida retningsline for barnehageopptak som ligg ved saka.

»

Vedlegg i saken:

02.11.2021

Retningsline for barnehageopptak i Alver kommune

1633213